

# Kommunen møter i retten

Bømlo kommune møter Kruse Smith i Sunnhordland tingrett i neste veke.


**Bn** Håvard Hammarstrøm

Entreprenøren og egedomsutviklaren med hovudkontor i Kristiansand var eitt av selskapa som leverte inn anbod på nye Bremnes ungdomsskule. Til slutt var det Engelsen Bygg AS som vann anbodet. Kruse Smith meiner anbodet til Engelsen Bygg skulle blitt avvist.

## Ikkje kvalifisert?

Kommunen vekta anboda både med omsyn til pris og kvalitet, og kom fram til at anbodet frå Engelsen Bygg var det beste.

Rådmann Geir E. Aga skriv i eit notat til kommunestyret at Kruse Smith ikkje reagerer på rangeringa kommunen har gjort av anboda som kom inn. Det entreprenøren no går til rettsak for å få klarlagt er om Engelsen Bygg var kvalifisert til å levera inn anbod i det heile.



Bømlo kommune møter Kruse Smith i tingretten i neste veke. Arkivfoto: Håvard Hammarstrøm.

Her meiner altså kommunen at Engelsen Bygg var kvalifisert. Kruse Smith meiner derimot at selskapet som vann anbodet ikkje oppfylte alle kvalifikasjonskrava som

vart stilte, og at anbodet deira difor skulle ha blitt avvist.

## Forliksmøte

Tingretten kom med spørsmål til partane om det var inter-

esse for å prøve rettsmekling. Kommunen og entreprenøren møttest til mekling 16. november. Meklinga vart leia av ein rettsmeklar. Målet var å løyse saka før denne kom opp i ret-

ten, men partane stod så langt frå kvarandre at det ikkje var grunnlag for å tinge om forlik.

– Rådmannen har oppdattert formannskapet i fleire lukka møte, og formannskapet gav også ramme for kva eit eventuelt forlik kunne innehalde, skriv rådmannen i notatet.

## Har ei god sak

Rådmannen meiner kommunen har ei god sak, og advokaten til kommunen meiner det same. I neste veke møtes altså kommunen og Kruse Smith i tingretten.

– Når me vurderte forlik er det også ut frå motivet om at det er normalt å følgje ei slik oppmoding frå retten om å prøve, men også ut frå at slike saker krev mykje tid og stel fokus frå andre tunge oppgåver i kommuneleinga, skriv Aga. Kruse Smith er det sjetteste største konsernet i sitt slag i Noreg med om lag 900 tilsette på ti kontor kringom i landet.

## Oselvarverkstaden på verdarvslista

Oselvarverkstaden er som den første i Norden no sett på UNESCO si prestisjefylte verdsarvsliste for immateriell kulturarv, i kategorien beste vernepraksisar. – Ein stor dag for den flotte Oselvarverkstaden og ei tydeleg vedkjenning av riktig fylkespolitiske satsingar, seier fylkesordførar Anne Gine Hestetun.

Heideren til Oselvarverkstaden vart kunngjort på FN-organisasjonen sitt møte i Addis Abbeba torsdag kveld, heiter det i ei melding frå Hordaland fylkeskommune. Kulturdepartementet nominerte i 2015 Oselvarverkstaden til UNESCO si liste over immateriell kulturarv i i kategorien beste vernepraksisar. Den har som mål å hindre at viktige metodar og praksis skal gå tapt. Til no har det berre vore 12 oppføringar på denne lista.

– Gjennom 20 år har Hordaland fylkeskommune bidrege økonomisk til Oselvarverkstaden. Løyvingane har auka jamt og trutt, heilt fram til i dag. I framlegg til budsjett for 2017 er tilskotet over 1,5 millionar kroner. At Oselvarverkstaden no kjem med på verne-lista for immateriell kulturarv viser at dei grepa Os kom-



Vellykka regional kulturpolitikk: Oselvarverkstaden inne på UNESCO si prestisjefylte verdsarvsliste for immateriell kulturarv. Representantar frå Os kommune, Hordaland fylkeskommune og Oselvarverkstaden. Frå venstre Berit Osmundsen, Stig Salbu Henneman, Kjell Magnus Økland, Åsmund Lien, Leif Harald Amundsen, Vidar Langeland, David Sandved, Lisbeth L. Axelsen, Per Morten Ekerhovd, Norvald Skåtøy og Terje Søviknes. Foto: Hordaland fylkeskommune

mune, Hordaland fylkeskommune og Os båtbyggjarlag tok på 1990-talet var svært framtidretta. I dag er vi stolte. Vi gratulerar Oselvarverkstaden, seier fylkesordførar Anne Gine Hestetun i meldinga.

## Vidarefører kunnskap gjennom lærlingar

Den klinkbygde trebåten frå områda rundt Bjørnafjorden har tusen år gamle røter. Oselvaren vi kjenner i dag, har vore i bruk sidan 1800-talet,

og kunnskapen om byggjeprosessen går i arv frå meister til svein. Den viktigaste oppgåva er derfor å vidareføre tradisjonshandverket mellom anna ved å ta inn lærlingar i båtbyggjarfaget. Båtbyggjar-

tradisjonen i Os er dokumentert 250 år tilbake.

I dag er dei fire båtbyggjarar i Oselvarverkstaden, som alle er lærte opp der.